

VERDSARV I NOREG

Urnes stavkyrkje



Unesco er FN sin organisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon (United Nation's Educational, Scientific and Cultural Organization). Unesco sitt mål er å bidra til fred og tryggleik ved internasjonalt samarbeid på desse områda. Organisasjonen vart oppretta i 1945, og Noreg vart medlem i 1946.

UNESCO sin konvensjon for vern av verdas kultur- og naturarv

Konvensjonen for vern av verda sin kultur- og naturarv vart vedteken i 1972, etter at kulturminne og naturområde i aukande grad hadde blitt utsett for press ved krig, naturkatastrofar, forureining, turisme, eller ganske enkelt forfall. 194 land har ratifisert verdsarvkonvensjonen, noko som gjer han til den mest utbreidde miljøkonvensjonen i verda. Konvensjonen oppfordrar alle land til å fremje vern av all kultur- og naturarv.

Konvensjonen sitt fremste mål er å identifisere kultur- og naturarv som har framstående universell verdi. Behovet for eit felles løft, både menneskeleg og økonomisk, vart synleg ved den internasjonale retningsaksjonen av kulturminne i Egypt og Nubia, då Aswan-dammen skulle byggast tidleg på 1960-talet. Seksti land tok del, Noreg var mellom dei.

Kultur- og naturarven kan omfatte monument, bygningar – enkeltvis eller i grupper, kulturlandskap, eller naturområder. Han kan vere naturskapt, eller skapt av menneske og natur saman. Han kan vere eit byggverk som representerer ei viktig historisk hending, eller eit naturfenomen av eksepsjonell eller vitenskapelig relevans.

Noreg ratifiserte konvensjonen 12. mai 1977, og har åtte stader på verdsarvlista. Status som verdsarv gir inga form for nytt vern, men er det høgaste internasjonale kvalitetsstempelen eit område kan få. Dette inneber eit ansvar for å sikre verdsarvstadene for ettertida.

Noreg i Verdsarvkomiteen

I Verdsarvkomiteen er til ei kvar tid 21 nasjonar representerte. Hovedmandatet til komiteen er å implementere Verdsarvkonvensjonen. Komiteen vedtek kva stader som skal stå på verdsarvlista, men viktigast er det at han evaluerer tilstanden og forvaltninga av stadene som står på lista, og set i verk ulike tiltak for å sikre verdsarven.


Noreg har vore medlem av verdsarvkomiteen ved tre høve, i 1983-1989, 2003-2007 og 2017-2021.

Som statspart til verdsarvkonvensjonen, og som medlem i komiteen har Noreg prioritert å styrke vernet av dei verdsarvområda om allereie finst, og samstundes bidra til ei meir representativ verdsarvliste. Etter meir enn 40 år er utviklingslanda framleis underrepresenterte på lista.

Det er viktig å styrke kunnskap ved involvering av lokalsamfunn, og å fremje gode eksempel på forvaltning av stadene på lista ved hjelp av programmet World Heritage Leadership. Noreg legg vekt på at utvalet på lista er basert på faglege vurderingar framfor politiske interesser.

Noreg arbeider også for å styrke truverda til verdsarvkonvensjonen ved å bidra til betre verkty og retningslinjer for nominering, vern og forvaltning, overvaking og evaluering av verdsarven. Ei meir heilskapleg tilnærming og forvaltning av den globale natur- og kulturarven er også eit viktig mål for Noreg.

Verdsarvstader i Noreg



Urnes stavkyrkje vart bygd i 1130-åra. Kyrkja er i ei særstilling når det gjeld arkitektur og stilhistorie som gjer den til eit sentralt verk i norsk kunst og historie. Ho er av dei eldste av dei stavkyrkjene som er bevart og eit eksempel på framifrå handverk og særdeles fin treskurd. Kyrkja er usedvanleg rikt utsmykka utvendig og innvendig.

Urnes stavkyrkje ligg i Luster i Sogn i ein storslått vestlandsnatur – sjølv draumen om det naturromantiske, norske landskapet på 1800-talet. Ho vart opphavelg truleg bygd som ei privat kyrkje. Ornes-ætta som hadde ei viktig rolle på baglarane si side under borgerkrigane er fyst kjent seinare på 1100-talet. Ætta hadde ei viktig rolle på baglarane si side under borgerkrigane. Etter forsoninga med Håkon Håkonson i 1217 vart dei trufaste menn til kongen. Dei som bygde kyrkja, kjende til dei internasjonale trendane innanfor arkitekturen og overførte denne frå stein til tre. Den fantastiske kvaliteten og rikdommen i urnesdekoren viser til rike og mektige byggherrar.



Urnes stavkyrkje
i 1830-åra.
Litografi etter
teikning av F.W.
Schiertz (1837).
Riksantikvarens
arkiv



Spor etter tidlegare kyrkjer

Ornamentikken på kyrkja er interessant, og kan tidfestast til 1070 eller kort etter. Utskjeringane og andre materialar er frå denne eldre kyrkje som vart riven då den noverande kyrkja vart bygd. Grunnen under kyrkja viser at det før dette har vore bygd to kyrkjer på staden. Den fyste av desse kan ha vore bygd i den eldste kristne tida på Ornes. Dagens kyrkje er altså den fjerde på plassen.

Tak og veggjar er dekkja med spon i ein praktfull brun fargetone! Århundrer har kyrkja vore innsett med tjære. Denne enkle dekninga har halde trevirket vedlike i meir enn 800 år. Dessutan står stolpane på ei ramme av sviller oppå ei underste ramme med grunnstokkar som igjen kvilar på eit lag med stein. Dette saman med godt vedlikehald har gjort at denne kyrkja fortsatt står.



➤ **Den fantastiske kvaliteten og rikdommen i urnesdekoren viser til rike og mektige byggherrar.**

← Kyrkjeskipet mot aust med inngang til koret. Foto: Tore Holter, Riksantikvaren

↓ Svalgangen framfor inngangen til kyrkja. Foto: Foto: Leif Anker





↑ Detalj av dyremotiv frå portalen på nordveggen.
Foto: Karin Axelsen, Riksantikvaren

➤ Portalen og dei to utskårne veggtilane på nordveggen. Foto: Jiri Havran, Riksantikvaren



Urnesstilen

Den særmerkte urnesstilen har navnet sitt frå Urnes stavkyrkje. Den er kjenneteikna av flotte utskjeringar av svært høg kvalitet: stiliserte dyr i kamp samanfletta med tynne trådforma ormar. Typisk for urnesstilen er bruken av lykkjer i komposisjonane, kontrasten mellom breie og smale linjer og dei flytande omrissa i motiva. Dette er den siste utløparen frå stilartane i vikingtida slik vi også kjenner dei frå runesteinar i Sverige og på dei britiske øyane.

Ein framifrå kunstnar dekorerte den kyrkja som vart bygd på midten av 1000-talet, og mykje av denne treskurden er brukt om att i den kyrkja som står i dag. På nordveggen til kyrkja finn ein to gjenbrukte, praktfullt dekorerte veggplankar og ein rikt utskåren portal saman med ein utskåren hjørnestolpe.

Desse utskjæringane er den mest framstående delen av 1000-talet sin dekor i Urnes. Nederst på venstre vange kan ein sjå eit stort dyr med ein karakteristisk manke – truleg ei løve. Over og omkring løva er det eit nettverk av ormar og bandforma dyr som til dels angrip løva, dels kvarandre.


Den rike treskjæringa viser at utsmykkinga og handverket var samstundes med stilutviklinga i Skandinavia og Europa. Innvendig har Urnes stavkyrkje utskjæringar i ein rein romansk stil med bogar på søyler og bygningsdekor slik ein kan sjå i steinarkitekturen i Europa frå same tid. I Urnes vitnar om at utsmykninga at handverkarane har tilpassa formane frå stein til tre. Opphavet var det svalgang rundt heile kyrkja. Denne var i så dårleg stand at den vart riven på 1700-talet. Berre på vestsida, framfor inngangen, står den framleis.



← Koret med bispestolen. Foto: Tore Holter, Riksantikvaren

↓ Krusifikset med Maria og Johannes. Foto: Birger Lindstad, Riksantikvaren

↓ ↓ Døme på ei av de mange utskårne kapitelane på stavane. Foto: Birger Lindstad, Riksantikvaren



Interiøret

Urnes stavkyrkje har vore og er framleis i bruk, og utstyret i kyrkja høyrer også med til historia. I sjølve kyrkja er det bevart ein praktfullt dreia stol av middelaldertype, truleg til bruk for biskopen når han kom på visitas. Over inngangen til koret, heng krusifikset med Kristus med Maria og Apostelen Johannes plasserte på kvar si side. To praktfulle lysestakar i emalje frå Limoges blir tekne fram ved spesielle høve. Etter reformasjonen vart det satt opp kyrkjestolar for kyrkjelyden, ein preikestol i 1695 og ei ny altertavle i koret i 1699. Kortilbygget frå omkring 1600 vart dekorert med rankedekor og ståande apostlar. Kvar apostel ber ei innskrift på latin, medsetningar frå credo – truedkjenninga – ein tradisjon frå mellomalderen.

Stavkyrkjene

Stavkyrkjene er det viktigaste bidraget frå Noreg til verdsarkitekturen, og er dei eldste bevarte trebygningane i landet. Truleg sto det omlag 1000 stavkyrkjer i landet kring 1350. I dag er det berre 28 stavkyrker att. Dei fleste av desse finn vi i den indre delen av Austlandet og i indre fjord strøk vestpå. Stavkyrkjene er mellom dei ypperste byggverka i tre som er kjent frå mellomalderen.

Det er dei berande stolpane eller stavane i veggkonstruksjonen og loddrette veggtilar (stavar på dansk og svensk) som har gitt stavkyrkjene namn. Stavane er plasserte i hjørna og ved andre viktige knutepunkt. I mellomalderen fanst det kyrkjebygg av stavverk og beslekta konstruksjonar over det meste av Nordvest-Europa. Men med unntak frå Hedared kyrkje i Sverige, og Greensted kyrkje i England, er det berre i Noreg at denne typen kyrkjer frå mellomalderen er bevart.

Eineståande

Dei stavkyrkjene som framleis er bevarte er ikkje på nokon måte identiske. Dei tilhøyrrer ulike typar. Det handlar om ulik tid, ulike handverksgrupper og ulikt ambisjonsnivå. Nokre kyrkjer har mange søyler i interiøret, andre langt færre.

Nokre er svært enkle med berre eit rom, utan søyler. Nokre har vore rikt dekorerte, med utskårne portalar og søylepryd. Dei norske stavkyrkjene er eineståande i europeisk samanheng. Dei er eit av dei viktigaste norske

bidraga til den internasjonale bygningshistoria. Difor er det svært viktig å verne dei for framtida.

I 2001 begynte Riksantikvaren eit systematisk arbeid med istandsetjing av alle stavkyrkjene. Dette arbeidet vart fullført i 2015.

Det er få kyrkjer av tre som er på UNESCO si verdsarvliste for kultur- og naturarv. Derimot er dei europeiske katedralane, dei latinamerikanske kolonikyrkjene og vakre klosteranlegg godt representerte.



Kyrkja frå sør.
Foto: Arve
Kjersheim,
Riksantikvaren



Foto cover: Høgt og fritt på garden Ornes ved Lustrafjorden ligg stavkyrkja. Foto: Jiri Havran

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgjevar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturmiljøpolitikken.



Dei sameinte nasjonane
sin organisasjon for
utdanning, vitskap og kultur



Verdsarv
i Noreg

Verdsarvlista vart etablert i 1972 av UNESCO. Lista har som mål å verne om verda sin uerstattelege kultur- og naturarv. Status som verdsarv er det høgaste internasjonale kvalitetsstempelen eit område kan få.

